



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Utval for levekår
Møtedato:	25.03.2025
Møtetid:	09:00 - -13:00
Møtestad:	Kommunehuset Frekhaug, Formannskapssalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kjell Idar Vangberg	leiar	AP	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Matias Hatland Våge	medlem	UAVH	
Ida Rambech	medlem	H	
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	Ikkje tilstades under handsaming av sak PS 7/25.
Marius Hellan	medlem	V	
Hindenes			

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Tone-Marit Øvretveit Dyrkolbotn	MEDL	AP
Jon Askeland	MEDL	SP
Kari Solveig Sæthre	NESTL	SV
Joakim Byrknes	MEDL	KRF
Marie Mostraum	MEDL	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Kristin Tømmermo Holmås	varamedlem	SV	
Noah Sellevoll	varamedlem	AP	
Elin Irene Klausen	varamedlem	KRF	
Nina Stabell Øvreås	varamedlem	FRP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Veronika Sjursæter Eide	Møtesekretær
Kristin Moe	Kommunalsjef
Leni Dale	Kommunalsjef
Helge Kvam	
Eva Mikkelsen	
Nadia Margrethe Molland	
Kjersti Risa Marøy	

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Veronika Sjursæter Eide
Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 7/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 8/25	Godkjenning av møteprotokoll 04.02.25	
PS 9/25	Melding / orientering til utval for Levekår	
RS 8/25	Ung Alver - orientering i møte	
RS 9/25	Prosjekt leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift - orientering i møte	
PS 10/25	To katter på loftet AS vedtak om skjenkeløyve	
PS 11/25	Driftsavtale Ungdomskontakten Salto	
PS 12/25	Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar	
PS 13/25	Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028	
RS 10/25	Kontrollverksemd Alkohol mm 2024 - orientering i møte	

PS 7/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Til sakliste: Representant Marius H. Hindenes-V ynskjer å stille eit spørsmål i møtet - dette vert handsama i slutten av møte.

Ei orientering vert lagt til i saklista:

RS 10/25 Kontrollverksemd Alkohol mm 2024- orientering i møte.

Innkalling og sakliste vert godkjent med endringar.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Innkalling og sakliste med endringar er godkjent.

PS 8/25 Godkjenning av møteprotokoll 04.02.25 Godkjenning av
møteprotokoll 04.02.25 07.03.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Ingen merknader. Samrøystes godkjent.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Møterprotokollen er godkjent.

PS 9/25 Melding / orientering til utval for Levekår

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Orienteringane er samrøyste teke til vitande.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Orienteringane er teke til vitande.

RS 8/25 Ung Alver - orientering i møte

RS 9/25 Prosjekt leing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift - orientering i møte

PS 10/25 To katter på loftet AS vedtak om skjenkeløyve To katter på loftet AS vedtak om skjenkeløyve 18.03.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Merknad til saksframlegg: Det må endrast under punkt sakshandsaming; frå uttale i Levekår til at saka skal avgjerast i Levekår.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

- 1.To katter på loftet AS org.nr. 934 310 292 får innvilga fast alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1-3 i omsøkte lokaler i Kvernhusmyrane 3, 5914 Isdalstø i perioden frå 01.05.25 – 30.09.28
 - 2.Løyvet gjeld for innandørs servering med om lag 150 gjestar.
 - 3.Løyvet for utandørs skjenking gjeld for om lag 80 gjestar.
 - 4.Skjenketid for alkoholhaldig drikk innandørs for gruppe 1 og 2 er onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00. Fredag og laurdag frå kl. 13.00-02.00. Sundag frå kl. 14.00 -23.00.
 - 5.Skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 3 er onsdag og torsdag frå kl. 13.00- 23.00 Fredag og laurdag frå kl. 13.00-01.00. Sundag frå kl. 13.00-23.00.
 - 6.Skjenketid utandørs vil vere onsdag og torsdag frå kl. 13.00-23.00, laurdag frå kl. 13.00-24.00 og sundag frå kl. 14.00-23.00.
 - 7.Styrar: Richard Opdal Walaker f. 13.10.95
- Avløysar: Linda Opdal f. 28.22.73
- Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
- Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommunen som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune

PS 11/25 Driftsavtale Ungdomskontakten Salto Driftsavtale Ungdomskontakten Salto 06.03.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Alver kommune godkjenner driftsavtale for ungdomskontakten Salto slik den ligg føre.

PS 12/25 Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar Framlegg til lokal forskrift om skulekrinsar 14.03.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Framlegg frå Noah Sellevold-AP; Kjell Idar Vangberg-AP, Vigdis Villanger-SP, Kristin Tømmermo Holmås-SV, Matias Våge-Uavh:

Levekår innstiller følgjande til kommunestyret:

Lokal forskrift om skulekrinsar i Alver kommune vert vedteke med følgjande endringar:

Elevar frå gamle Kløvheim skulekrins får ny barneskulekrins til Ostereidet barneskulekrins.

Elevar frå gamle Kløvheim skulekrins kan, etter søknad og om det er kapasitet, få plass ved Eikanger barneskule. Elevane får innvilga skyssrett som om det skulle vere deira nærskule.

Tilsvarande kan elevar frå Leiknes skulekrins, etter søknad og om det er kapasitet, få plass ved Knarvik ungdomsskule. Elevane får innvilga skyssrett som om det skulle vere deira nærskule

Kommunedirektøren får i oppgåve å oppdatera forskrifta med gjeldande endringar.

Framlegget fekk 5 røyster mot 5 røyster.

Ved røysteliskap tel utvalsleiar si røyst, framlegget vert difor vedteke med utvalsleiar si røyst.

Merknad frå representant Ida Rambech-H:

I forskrifta under punkt 4, avsnitt 2. Administrasjonen - § 2.6 - det avsnittet er uforståeleg - noko tekst manglar.

Administrasjonen svarar ut at dei vil retta opp den manglande teksten i forskrifta fram til vedtak i Kommunestyret,.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Levekår innstiller følgjande til kommunestyret:

Lokal forskrift om skulekrinsar i Alver kommune vert vedteke med følgjande endringar:

Elevar frå gamle Kløvheim skulekrins får ny barneskulekrins til Ostereidet barneskulekrins.

Elevar frå gamle Kløvheim skulekrins kan, etter søknad og om det er kapasitet, få plass ved Eikanger barneskule. Elevane får innvilga skyssrett som om det skulle vere deira nærskule.

Tilsvarande kan elevar frå Leiknes skulekrins, etter søknad og om det er kapasitet, få plass ved Knarvik ungdomsskule. Elevane får innvilga skyssrett som om det skulle vere deira nærskule

Kommunedirektøren får i oppgåve å oppdatera forskrifta med gjeldande endringar.

PS 13/25 Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028
Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028
17.03.2025 00:00:00

Handsaming i Utval for levekår - 25.03.2025:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Utval for levekår - 25.03.2025:

Kommunestyret vedtar Plan for førebyggjande arbeid i Alver kommune 2025-2028 slik den ligg føre.

RS 10/25 Kontrollverksemd Alkohol mm 2024 - orientering i møte